

Pressemelding, 19.juli 2013

Hovudopptaket til høgare utdanning 2013

Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket 2013 ut 83 460 tilbod om studieplass. Dette er 4 056 fleire tilbod enn i 2012, ein auke på 5,1 %.

Det er i år planlagt 52 503 studieplassar, 969 fleire enn i 2012. Av 117 049 søkjarar, er 97 228 kvalifisert for minst eitt studium (+4 % frå 2012). Av dei kvalifiserte søkjarane har 85,8 % fått tilbod om studieplass. Dette er litt høgare enn i 2012 (84,9 %).

Blant dei som får tilbod om studieplass får 51 837 (62,1 %) tilbod på sitt høgaste prioriterte studieønske. Dette er ein liten auke frå 2012, kor tilsvarande tal var 48 854 (61,5 %).

- Det er gledeleg at over femti tusen søkjarar får tilbod om studieplass på sitt høgaste prioriterte ønskje, seier Bente Ringlund Bunæs, dagleg leiar i Samordna opptak.

Ved årets hovudopptak blir 32 995av tilboda gitt til menn, mens 50 465 tilbod blir gitt til kvinner. Dette gjev ein kvinnedel på 60,4 %, som er det same som i 2012.

Fortsatt størst auke for økonomi og administrasjon

I år, som i fjor, har det vært størst auke i talet på tilbod gitt i utdanningsområdet økonomi og administrasjon, med 1102 fleire tilbod gitt enn i 2012. For utdanningsområdet helsefag er det gitt 619 fleire tilbod i år. Samfunnsvitskapelege fag har gitt 538 fleire tilbod, mens teknologiske fag har gitt 498 fleire tilbod enn i fjor.

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller står på venteliste, har frist til 26. juli med å svare. Alle må svare i nettsøknaden som ligger på www.samordnaopptak.no

Ledige studieplassar

Oversikt over 450 studium med ledige studieplassar ligg på våre heimesider. Desse studia kan ein søkje frå og med 20. juli kl. 09.00. Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje på ledige studieplassar, uavhengig om dei har søkt tidlegare i år.

Kontaktinformasjon

Meir informasjon om søking til høgare utdanning får ein ved å kontakte lærestadene www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/index.html eller Samordna opptak på tlf. 22 84 18 25/ 22 84 18 04 eller www.samordnaopptak.no